

# **ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2018**

**Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:**

- 1. Økonomisk del**
- 2. Generell del**
  - 2.1 Viltforvaltning**
    - 2.1.1 Villreinforvaltning**
    - 2.1.2 Småviltforvaltning**
  - 2.2 Fiskeforvaltning**
    - 2.2.1 Fiskeutsetting**
    - 2.2.2 Prøvefiskeresultat**
    - 2.2.3 Garnfiskestatistikk**
    - 2.2.4 Kalking**
    - 2.2.5 Anna fiskekultivering**
- 3. Fjellstyrehytte**
  - 3.1 Hyttestyret**
- 4. Beiteleiga**
- 5. Anna**

## 1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2017 og 2018 viser følgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

| INNTEKTER                                 | 2017      | 2018      | UTGIFTER, DRIFT     | 2017    | 2018    |
|-------------------------------------------|-----------|-----------|---------------------|---------|---------|
| Salsinntekt                               | 809 375   | 606 860   | Lønskostnader       | 54 323  | 50 343  |
| Anna driftsinntekt                        | 224 414   | 195 372   | Avskrivingar        | 82 863  | 84 240  |
|                                           |           |           | Varekostnad         | 2 240   | 10 900  |
|                                           |           |           | Anna driftskostnad  | 703 971 | 830 789 |
| Sum driftsinntekter                       | 1 033 789 | 802 232   | Sum driftskostnader | 843 397 | 969 159 |
| Driftsresultat                            | 190 392   | 166 927   |                     |         |         |
| Netto Renteinntekt                        | 25 268    | 26 077    |                     |         |         |
| Sum årsresultat                           | 215 660   | 140 850   |                     |         |         |
| Bankinnskot,<br>kontantar og<br>liknande. | 2 481 251 | 2 106 261 |                     |         |         |

Kommentar:

Her viser hovudtala frå rekneskapet samanlikna med tala frå året før.

Årsresultatet viser eit underskot med kr 140 850.

Inntektene:

Reduksjon i inntekt frå året før skuldast i hovudsak lågare inntekt frå villreinjakta. Kvota var lågare i 2018 enn året før. Det var i tillegg seld mindre småvilkort, dette skuldast mindre kort til fordeling før 1. oktober og mykje därleg ver som nok merkast på etterspurnaden.

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostane er knytt til drift og omfattar kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskap tenester og kontingen til Norges fjellstyresamband. Fjellstyret vedtok å utføre noko vedlikehaldsarbeid på traktorslepa frå Sandhaug til Tinnhølen i samband med at det vart gjennomført vedlikehald på slepa mot Hansbu. Arbeidet med å byggja Heisanntjørnbu vart starta opp med støyping av plate.

Investeringar:

- Kostnadene med bygging av Heisanntjørnbu vert ført som investering.

## 2. Generelt

Fjellstyret har helde 5 styremøte og handsama 29 saker. Det viktigaste av aktivitetene kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret,

[www.eidfjord-fjellstyre.no](http://www.eidfjord-fjellstyre.no)

## 2.1 Viltforvaltning

### 2.1.1 Villreinforvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er;

**Hovudmål:** - produsere 2.000 – 2.500 kalv årlig (målt ved kalvetelling)

**Delmål:** - simleandelen på 40% (målt ved strukturtelling)

- bestandsstorleik maks 12.000 før kalving.

- halde ein mest moleg stabil bestandsstorleik over tid.

Samla kvote vart sett til 1500 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 102 fellingsløyve. Denne var fordelt med 72 frie dyr og 15 simle/ungdyr og 15 kalv. Det vart tildelt kalv som eige løyve for at jeger som fekk dette tilbodet fekk høve til å nytta privatkort frå vald i Eidfjord på statsallmenningen.

Fjellstyret ynskjer å visa ein forsvarleg forvaltning og ikkje sleppa til for mange jegerar på statsallmenningen. Stor fellingskvote og redusert jaktbart areal resulterte i at fjellstyret avgrensa talet jegerar på allmenningen til 130. Heile kvota vart selt.

Totalt for allmenningen vart det felt 39 dyr på kort utsteda av fjellstyret. Når det gjeld Eidfjord sin fellingsprosent er denne rekna av tildelt kvote og var da på 38,2%.

Fredningssona som omfatta meir enn halvparten av arealet sør for Nordmannslågen var vidareført. Fredningssona syntes å ha hatt ein positiv effekt. Jakttida var i utgangspunktet sett til 20.08-23.09, men vart utvida til å gjelda ut september med bakgrunn i årleg jakt tidleg i jakta. Fredningssona vart og oppheva den siste veka av jakta.

Som lekk i overvakning av skrantesjuke vart alle vald på Hardangervidda pålagt å ta prøvar av alle vaksne dyr. Fjellstyret tok initiativ til informasjonsmøte for jegerane og delte ut prøveutstyr saman med at dei henta fellingsløyve. Det er ikkje registrert smitta rein på Hardangervidda.

### 2.1.2 Småviltforvaltning


Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta.

| År   | Område            | Tal linjer | Tal meter | Ant. obs. | Tal ryper | Rype r/obs | Ryper/km <sup>2</sup><br>(med 90% sikkerheit) | Ant kyllingar/høne |
|------|-------------------|------------|-----------|-----------|-----------|------------|-----------------------------------------------|--------------------|
| 2006 | Eidfjord Statsalm | 44         | 229250    | 84        | 327       | 3,9        | 7                                             | 3,8                |
| 2007 | Eidfjord Statsalm | 24         | 129342    | 33        | 129       | 3,9        | 8                                             | 2,6                |
| 2008 | Eidfjord Statsalm | 23         | 125361    | 31        | 115       | 3,7        | 4                                             | 2,9                |
| 2009 | Eidfjord Statsalm | 22         | 113675    | 21        | 97        | 4,6        | 3                                             | 2,6                |


|      |                   |    |        |     |     |     |      |     |
|------|-------------------|----|--------|-----|-----|-----|------|-----|
| 2010 | Eidfjord Statsalm | 24 | 129050 | 25  | 197 | 7,9 | 4    | 7,5 |
| 2011 | Eidfjord statsalm | 26 | 155039 | 34  | 290 | 8,5 | 7    | 5,2 |
| 2012 | Eidfjord statsalm | 29 | 167010 | 23  | 81  | 3,5 | 2    | 1,7 |
| 2013 | Eidfjord statsalm | 25 | 131230 | 48  | 193 | 4,0 | 3    | 4,3 |
| 2014 | Eidfjord statsalm | 24 | 149713 | 61  | 428 | 8,5 | 11   | 9,8 |
| 2015 | Eidfjord statsalm |    | 129600 | 28  | 65  | 2,3 | 1,8  | 1,2 |
| 2016 | Eidfjord statsalm | 24 | 158300 | 29  | 140 | 4,8 | 2,5  | 3,6 |
| 2017 | Eidfjord statsalm | 26 | 161500 | 76  | 439 | 5,8 | 10,1 | 4,4 |
| 2018 | Eidfjord statsalm | 25 | 153600 | 123 | 769 | 6,3 | 16,2 | 4,8 |

Takseringsresultatet viser at rypebestanden er i vekst igjen, det vart observert fine kull. Fjellstyret vedtok å opna for jakt. Fram til 1. oktober selte fjellstyret kort, etter dette vart jaktkort vart via iNatur.

Fjellstyret har lagt til rette for jakt på små rovdyr, spesielt raudrev og mink, med eige jaktkort på rev og skotpremieordning. Statistikken under viser samanheng mellom skotpremier og taksert mengde rype før jakt det enkelte år for tida 2001 til og med 2018.




## 2.2 Fiskeforvaltning



Samla tal for garnfisket viser stabil fiskeinnsats dei siste 5 år. Avkastinga siste året viser ein liten auke, dette kan tyda på at det er gode årsklassar det no vert fiska på.


Samla var det garnfiskarar som hadde løyst kort.

Fangststatistikk frå dei viktigaste vatna;




I Tinnhølen er det samanheng mellom fangst og fangsttinsats.

## Nordmannslågen 1998-2018



Fangstintnsats har minka noko og avkasting er stabil. Dette tyder på potensial til å ta ut meir fisk frå Nordmannslågen.

## Lakjen 1999-2018



Fangstintnsats og avkasting har auka og viser god samanheng.

### 2.2.1 Fiskeutsetting

Villfisk fanga med elektrisk  
fiskeapparat, feitfinneklippa og satt  
ut i Tinnhølen

| År   | Tal frå<br>Svinto | Tal frå<br>Bjoreio |
|------|-------------------|--------------------|
| 2008 | 348               | 30                 |
| 2009 | 342               |                    |
| 2010 | 160               |                    |
| 2011 | 181               |                    |
| 2012 | 50                |                    |
| 2013 | 248               |                    |
| 2014 | 151               |                    |
| 2015 | 134               |                    |
| 2016 | 208               |                    |
| 2017 | 291               |                    |
| 2018 | 194               |                    |

Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. Fisket føregår med elektrisk fiskeapparat i Svinto og Bjoreio. Aureungane vert feitfinneklipt før dei vert sett ut i Tinnhølen. Statistikken viser til tal fanga villfisk. Årlig fangar Statkraft om lag 50 stamfisk.


### **2.2.2 Prøgefiskeresultat**

Fylgjande vatn og tjørn vart prøgefiska i 2018;


#### **Svartavasstjørni og Svartavatnet**

Her vert sitert frå årsrapport Finprikkaren på Hardangervidda (Norce). Det ble utført et prøvegarnfiske med en «Jensen»-serier i Svartavasstjørni 14. august og to «Jensen»-serier Svartavatnet 15. august 2018. Det primære målet med dette prøvegarnsfisket var å se på fordelingen av de tre typene av aure (finprikkare, vanlig aure og hybrid aure) samt å undersøke næringsopptaket til auren på det aktuelle tidspunktet. Det ble tatt 42 aure i Svartavatnet og 57 aure i Svartavasstjørni.

### Svartavasstjørni



### Svartavatnet




Lengdefordeling av aure i fangstene fra Svartavatnet og Svartavasstjørni i august 2018.


## 2.2.4 Kalking

Det vart registrert nedgang i pH etter siste kalking i 2013. Det vart difor vedteke at kalking vart gjennomført i 2017.

Kartet under viser rapportområdet og prøvelokalitetar.



Figuren med døgngradet frå innløpet av Svatravassstrørni illusterer variasjon i potensial for årleg rekruttering. Ulik temperatur gir seg blant anna utslag i variasjonar i størleik av aureyngel, noe som igjen har konsekvenser for overleving. Temperaturforskjellene vil også gi utslag på livssyklus hos mange bunndyrartar. Forskjellen i midlere lengde mellom de to mest ekstreme åra (2015 og 2018) var 15 mm. Forutsatt ein kondisjon på 1,0 vil ein aure på 40 mm vege meir enn fire ganger så mye som en aure på 25 mm. Den første oppvekstsumeren er svært viktig for overleving, og har stor betydning for danning av sterke og svake årsklassar i høgfjellet.



## 2.2.5 Anna fiskekultivering

Det har vore gjennomført overvaking av rotenonbehandla vassdrag med el-fiske og ørekyteruser. Det er ikkje funne øreklyte etter rotenonbehandlinga.

## 3. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast.

Fjellstyret har søkt om å overta naust på Gamla Sandhaug som kommunen har kjøpt i samband med kjøp av Klokkargarden. Det er ikkje motteke svar frå kommunen.

### 3.1 Hyttestyret

Krobu :

Transport av ved /propan, sjekk av batterier, brannslukker  
Tilbygg ferdig, gjenstår beising

Gamla Sandhaug:

Sjekk av 12 volts anlegg,  
Transport av ved / propan, kjøpt inn kjøkkenutstyr mv.  
Montert ny vedovn i steinbua.  
Kjøpt inn og montert ny sofa, stol

**Viersla:**

Transport av ved og propan,kjøpt inn div kjøkkenutstyr  
Vask hytta, skifta eindel sengetøy

**Langavasshadle:**

Transport av ved propan+ sjekk av brannslukkere og solselleanlegg  
Arbeider i stovedel, ny sofa, redusert lende på spisebordutført, ny  
Hyttevask og skifta sengetøy  
Hardangervidda Fjelloppsyn A/S held på å restaurera steinbua med ny frontvegg og  
innreiing.

**Stigstuv:**

Sjekk og supplert med ved/gass  
Sjekk av brannvarsletere

**Tinnhølen:**

Transport ved og propan

**Heisantjørnsbu:**

Transport av forskalingmatriell, grunnarbeider utført på dugnad, støpt betongplate og  
lagt klart for avløp, kjørt på plass aggregat frå Gml Sandhaug  
Opprydding etter grunnarbeider.  
Valgt entreprenør for ferdiggjering hytta, Haldor Hamre AS  
Fått tilskudd på tilsammen 700 tusen, 400`frå Sparebank stiffelsen, 300`  
frå grunneigerfondet  
Har søknad inne hjå DNT,Spelemidler på ca 300`

**Skulevikshytta:**

Ingen spesielle arbeider, hytta er stengt og vert ikkje utleigd.

**4. Beiteleiga**

Halne beitelag slepte 733 sau og lam på beite. Beitelaget følgde ikkje opp avtala om  
beiteslepp, dette er påtala til laget.

Halne beitelag sökte om å få ta inn nytt medlem i beitelaget. Dette gikk fjellstyret  
imot, saka vart klaga inn for Landbruksdirektoratet. Fjellstyret fekk medhald i saka.

**5. Anna**

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver etter vedteke budsjett.
- Lars Kristian Eidnes er styremedlem til styret for Fjellstyra på Hardangervidda AS.
- Lars Kristian Eidnes er medlem i Villreinutvalet.

**Eidfjord fjellstyre**

Lars Kristian Eidnes

- s -

Asle Øydvin

- s -

Vidar Riber

- s -

Nina Eiken

- s -

Atle Myklatun

- s -

Håkon Kvammen

- s -

Dagny Opedal

- s -